



[Bygdetunet Rød er ikkje eit verneområde slik det kan forståast i ein artikkel i Grenda 20. juli.](#)

**Ein flott artikkel over to sider i Grenda nyleg om verneområde i Kvinnherad kan forståast som om Bygdetunet Rød er eit verna område. Så langt vi veit er ikkje Rød definert som eit verna område eller står på noko verneliste. Derimot er Eikjo frå sein mellomalder freda. Det vart gjort tidleg på 1930 talet.**

Artikkelen i Grenda, skriven av Yngve Johnsen, har med ein oversikt over verna område i Kvinnherad.. Lista er delt inn i fire kategoriar: Nasjonalpark, naturreservat, landskapsvernområde og andre fredningar. Den store eika høyrer til andre fredningar. Kvinnherad er oppført med 25 ulike område. Målet med å utpeika verneområde er å sikra eit utval av naturtypar og landskap for komande generasjonar.

Kapteinsgarden på Nedre Fet er freda med bakgrunn i vedtak. Det vart gjort på den tid då Riksantikvaren freda enkelte objekt, ikkje område rundt slik ein truleg ville gjort på Fet om det var i dag.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal